



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 26.05.2016
Tid: 09:00 – 18:00

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Christin Lindberg Skansen	Varaordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Medlem	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasman	Medlem	SP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arne Dag Lassemo	Kjell Sverre Thoresen etter kl. 17.00	SP
Gjermund Zakarias Bergsland	Kjell Sverre Thoresen før kl. 17.00	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
31/16 – 55/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
Ordfører

Fellestenesta
utvalgssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
-------------------	---------

PS 31/16	Referatsaker
RS 6/16	Orienteringar og strategidrøftingar
RS 7/16	Årsrapport Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark 2015
PS 32/16	Årsmelding Fyresdal kommune 2015
PS 33/16	Rekneskap 2015 - Fyresdal kommune
PS 34/16	Matrikkelloven - Forskrift om saksbehandlingstid - vinterforskrifta
PS 35/16	Felles jordmorteneste i Vest-Telemark
PS 36/16	Trafikksikringsutval-samansetning og val av representantar
PS 37/16	Sal- og skjenkeløyver i Fyresdal kommune - endring i alkohollova
PS 38/16	Selskapsavtale for IKA Kongsberg
PS 39/16	Søknad om fritak frå politiske verv - Aase Øksland
PS 40/16	Søknad om fritak frå politiske verv grunna flytting frå kommunen - Christin L. Skansen
PS 41/16	Formannskapet 2015 - 2019 - val av nytt medlem
PS 42/16	Val av ny varaordførar 2016 - 2019
PS 43/16	Val av ny representant til representantskapet i Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat 2016 - 2019
PS 44/16	Val av ny representant til representantskapet i Telemark kommunerevisjon IKS 2016 - 2019
PS 45/16	Val av ny vararepresentant til KS (KommuneSektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon) 2016 - 2019
PS 46/16	Val av hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg 2016 - 2019 - endring
PS 47/16	Val av hovudutval for plan og miljø 2016 - 2019 - endring
PS 48/16	Val av lagrettsmedlemer og meddomarar til Agder lagmannsrett 2017 - 2020
PS 49/16	Val av meddomarar til Vest-Telemark tingrett 2017 - 2020
PS 50/16	Val av jordskiftemeddomarar 2017 - 2020
PS 51/16	Val av skjønnsmedlemer 2017 - 2020
PS 52/16	Val av forliksrådsmedlemer 2017 - 2020
PS 53/16	Tariffrevisjonen per 1.5.2016 - Uravstemning
PS 54/16	Uttale frå kontrollutvalet - tilbakemelding om arbeidet i etterkant av varslings sak - arbeidsmiljø
PS 55/16	Stortingsmelding 25: "Kraft til endring. Energipolitikken mot 2030"

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalgssekretær

Samrøystes for å handsame dei tre ettersendte sakene:

PS 53/16 Tariffrevisjonen per 1.5.2016 - Uravstemning

PS 54/16 Uttale frå kontrollutvalet - tilbakemelding om arbeidet i etterkant
av varslings sak - arbeidsmiljø

PS 55/16 Stortingsmelding 25: "Kraft til endring. Energipolitikken mot
2030"

PS 31/16 Referatsaker

RS 6/16 Orienteringar og strategidrøftingar

RS 7/16 Årsrapport Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark 2015

I møtet:

- Strategidebatt rundt temaene: næringsutvikling, digital kvardag og arbeidsgiverpolitikk. Knut Vareide frå Telemarksforsking innleia debatten.
- Barnevernet i Vest Telemark v/ nestleiar Gunn Annie Hellestad orientera om arbeidet til barnevernet og årsmeldinga for 2015.
- Leiar i OKO, Nils Kristian Moe reiste spørsmål om korleis stoda på barnehagedekninga i Fyresdal er i dag og korleis kommunestyret vil at denne skal vere?
 - Kommunestyret meiner at Fyresdal kommune skal ha plass til alle born i barnehagen og ber om tilbakemelding frå administrasjonen dersom dette ikkje let seg oppfylle.

PS 32/16 Årsmelding Fyresdal kommune 2015

Innstilling frå rådmannen:

Årsmelding for Fyresdal kommune 2015 blir teken til vitande.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 20.04.2016

Leiar gjekk gjennom dei delane av årsmeldinga som er mest relevant for AMU.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 20.04.2016

AMU tek årsmeldinga til vitande.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 23.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 23.05.2016

Årsmelding for Fyresdal kommune 2015 blir teken til vitande.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 04.05.2016

Admu stilte spørsmål om Idrettsrådet er ein del av årsmeldinga til Fyresdal kommune.
Admu stilte spørsmål om kvifor tabell som synte prøvetaking i reinseanlegget ikkje lengre var med.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 04.05.2016

Administrasjonsutvalet tek årsmeldinga til vitande.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 04.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 04.05.2016

Årsmelding for Fyresdal kommune 2015 blir teken til vitande.

Handsaming i Formannskap - 11.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 11.05.2016

Årsmelding for Fyresdal kommune 2015 blir teken til vitande.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 10.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 10.05.2016

Årsmelding for Fyresdal kommune 2015 blir teken til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Årsmelding for Fyresdal kommune 2015 blir teken til vitande.

PS 33/16 Rekneskap 2015 - Fyresdal kommune

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2015 vert godkjent slik den ligg føre.

Meirforbruk i investeringsrekneskapen vert dekt slik:

- Utlån på kr 1.647.923,50 vert dekt av kraftfondet, konto 2510022
- Egenkapitalinnskott KLP med kr 378.169,- vert dekt frå disp.fond, konto 2560027
- Resterande overforbruk kr 5.586.189,88 vert lånefinansiera.

Handsaming i Formannskap - 11.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 11.05.2016

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2015 vert godkjent slik den ligg føre.

Meirforbruk i investeringsrekneskapen vert dekt slik:

- Utlån på kr 1.647.923,50 vert dekt av kraftfondet, konto 2510022
- Egenkapitalinnskott KLP med kr 378.169,- vert dekt frå disp.fond, konto 2560027
- Resterande overforbruk kr 5.586.189,88 vert lånefinansiera.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2015 vert godkjent slik den ligg føre.

Meirforbruk i investeringsrekneskapen vert dekt slik:

- Utlån på kr 1.647.923,50 vert dekt av kraftfondet, konto 2510022
- Egenkapitalinnskott KLP med kr 378.169,- vert dekt frå disp.fond, konto 2560027
- Resterande overforbruk kr 5.586.189,88 vert lånefinansiera.

PS 34/16 Matrikkelloven - Forskrift om saksbehandlingstid - vinterforskrifta

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 10.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 10.05.2016

Fyresdal kommune vedtek *Forskrift om unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning i Fyresdal kommune – "Vinterforskrifta"*.
Forskrifta er gjeldande i perioden 1. november til 30. april.

Forskrifta vert vedteken med heimel i forskrift 26. juni 2009 nr. 864 om eigedomsregistrering-matrikkelforskrifta, § 18 tredje ledd, jfr. forvaltningslova § 37 – 40.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Fyresdal kommune vedtek *Forskrift om unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning i Fyresdal kommune – "Vinterforskrifta"*.
Forskrifta er gjeldande i perioden 1. november til 30. april.

Forskrifta vert vedteken med heimel i forskrift 26. juni 2009 nr. 864 om eigedomsregistrering-matrikkelforskrifta, § 18 tredje ledd, jfr. forvaltningslova § 37 – 40.

PS 35/16 Felles jordmorteneste i Vest-Telemark

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune ynskjer at ein i Vest-Telemark skal sjå nærare på eit jordmorsamarbeid i ein vertskommune.
2. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe som legg fram ei konsekvensutgreiing på ein god modell.
3. Saka blir sendt til politisk handsaming i kommunane i løpet av 2016.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 04.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 04.05.2016

1. Fyresdal kommune ynskjer at ein i Vest-Telemark skal sjå nærare på eit jordmorsamarbeid i ein vertskommune.
2. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe som legg fram ei konsekvensutgreiing på ein god modell.
3. Saka blir sendt til politisk handsaming i kommunane i løpet av 2016.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i OKO-utvalet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

1. Fyresdal kommune ynskjer at ein i Vest-Telemark skal sjå nærare på eit jordmorsamarbeid i ein vertskommune.
2. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe som legg fram ei konsekvensutgreiing på ein god modell.
3. Saka blir sendt til politisk handsaming i kommunane i løpet av 2016.

PS 36/16 Trafikksikringsutval-samansetning og val av representantar

Innstilling frå rådmannen:

Trafikksikringsutvalet for Fyresdal kommune held fram som før og får slik samansetning:

- Lensmann
- Representant for born og unge
- Representant for hovudutval for plan og teknikk
- Representant for Telemark bilruter
- Representant for råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne
- Rådmannen peikar ut sekretær for utvalet.

Mål og mandat for utvalet som før.

- Råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne vel til å delta i kommunen sitt trafikksikringsutval
- Hovudutval for plan og miljø vel til å delta i kommunen sitt trafikksikringsutval

Handsaming i Råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne - 23.05.2016

Nestleiar i REMNF Aud Lukassen blir medlem i trafikksikringsutvalet.

Samrøystes

Vedtak i Råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne - 23.05.2016

Råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne vel Aud Lukassen til å delta i kommunen sitt trafikksikringsutval

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 10.05.2016

Representant for hovudutval for plan og miljø er nestleiar.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 10.05.2016

Representant for hovudutval for plan og miljø er nestleiar.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen og vedtaka i råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne og hovudutvalet for plan og miljø

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Trafikksikringsutvalet for Fyresdal kommune held fram som før og får slik samansetning:

- Lensmann
- Representant for born og unge
- Representant for hovudutval for plan og teknikk
- Representant for Telemark bilruter
- Representant for råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne
- Rådmannen peikar ut sekretær for utvalet.

Mål og mandat for utvalet som før.

Som medlem frå Råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne er Aud Lukassen.
Som medlem frå Hovudutval for plan og miljø er Øyvind Kile.

PS 37/16 Sal- og skjenkeløyver i Fyresdal kommune - endring i alkohollova

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal Mat AS, Joker Grunnvik Landhandel AS og Nye Heggland Daglegvare AS får vidareført sine salsløyver til 30.06.20, med dei vilkåra som gjeld i eksisterande løyve. Kvipt Gjestegard, Meieriet Cafe Pub og Pizza, Fossum kurs- og feriesenter og Fyresdal Bed and Breakfast får vidareført sine skjenkeløyver til 30.06.20, med dei vilkåra som gjeld i eksisterande løyve.

Alkoholpolitiske retningsliner, som er vedlegg til ruspolitisk handlingsplan, blir godkjent med dei endringane som ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Fyresdal Mat AS, Joker Grunnvik Landhandel AS og Nye Heggland Daglegvare AS får vidareført sine salsløyver til 30.06.20, med dei vilkåra som gjeld i eksisterande løyve. Kvipt Gjestegard, Meieriet Cafe Pub og Pizza, Fossum kurs- og feriesenter og Fyresdal Bed and Breakfast får vidareført sine skjenkeløyver til 30.06.20, med dei vilkåra som gjeld i eksisterande løyve.

Alkoholpolitiske retningsliner, som er vedlegg til ruspolitisk handlingsplan, blir godkjent med dei endringane som ligg føre.

PS 38/16 Selskapsavtale for IKA Kongsberg

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune godkjenner *Selskapsavtale for IKA Kongsberg, gjeldande frå 1.7.2016.*
2. Fyresdal kommune godkjenner *Selskapsavtale for IKA Kongsberg, gjeldande frå 1.1.2017.*

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

3. Fyresdal kommune godkjenner *Selskapsavtale for IKA Kongsberg, gjeldande frå 1.7.2016.*
4. Fyresdal kommune godkjenner *Selskapsavtale for IKA Kongsberg, gjeldande frå 1.1.2017.*

PS 39/16 Søknad om fritak frå politiske verv - Aase Øksland

Innstilling frå rådmannen:

Aase Øksland får fritak frå dei politiske verva sine i Fyresdal kommune for resten av valperioden.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Aase Øksland får fritak frå dei politiske verva sine i Fyresdal kommune for resten av valperioden.

PS 40/16 Søknad om fritak frå politiske verv grunna flytting frå kommunen - Christin L. Skansen

Innstilling frå rådmannen:

Christin L. Skansen går ut av alle sine politiske verv i Fyresdal kommune pr 01.06.2016. 1.vara til kommunestyret, Anne Mette Hjorth-Jensen Momrak(Ap), går då inn som fast medlem frå same dato.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Christin L. Skansen var ugild i saka og deltok ikkje i handsaminga. Det var heller ingen vara.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Christin L. Skansen går ut av alle sine politiske verv i Fyresdal kommune pr 01.06.2016. 1.vara til kommunestyret, Anne Mette Hjorth-Jensen Momrak(Ap), går då inn som fast medlem frå same dato.

PS 41/16 Formannskapet 2015 - 2019 - val av nytt medlem

Innstilling frå rådmannen:

Saka blir lagt fram utan innstilling

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Anne Serine Nærum går inn som fast medlem og Ingunn Lauvrak går inn som ny varamedlem.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Formannskap for perioden 2015 – 2019 frå 01.06.16:

Medlemer:	Varamedlemer:
Erik Skjervagen, AP	Nils Kristian Moe, AP
Anne Serine Nærum, AP	Torleiv Hvistendahl, AP
Olav Gisle Noraberg, AP	Ingunn Lauvrak, AP
	Martha Schrøder Momrak , AP
	Øyvind Kile, AP
Kjell Sverre Thoresen, SP	Ellen Elisabeth Gasmann, SP
Tone I. Veum, SP	Svein Slyngstad, SP
	Guro Libjå, SP

PS 42/16 Val av ny varaordfører 2016 - 2019

Innstilling frå rådmannen:

Saka blir lagt fram utan innstilling

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Olav Gisle Noraberg vert ny varaordfører frå 1. juni 2016

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Olav Gisle Noraberg vert ny varaordfører frå 1. juni 2016

PS 43/16 Val av ny representant til representantskapet i Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat 2016 - 2019

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Nils Kristian Moe vert Fyresdal kommune sin representant til representantskapet i Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat IKS.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Nils Kristian Moe vert Fyresdal kommune sin representant til representantskapet i Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat IKS.

PS 44/16 Val av ny representant til representantskapet i Telemark kommunerevisjon IKS 2016 - 2019

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Nils Vidar Pettersen vert Fyresdal kommune sin representant i representantskapet i Telemark Kommunerevisjon IKS.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Nils Vidar Pettersen vert Fyresdal kommune sin representant i representantskapet i Telemark Kommunerevisjon IKS.

PS 45/16 Val av ny vararepresentant til KS (KommuneSektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon) 2016 - 2019

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Ingunn Lauvrak går inn som 1. varamedlem til KS.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Ingunn Lauvrak går inn som 1. varamedlem til KS.

PS 46/16 Val av hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg 2016 - 2019 - endring

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Ingunn Lauvrak erstattar Anne Serine Nærum som nestleiar frå 1. juni.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Ingunn Lauvrak erstattar Anne Serine Nærum som nestleiar frå 1. juni.

PS 47/16 Val av hovudutval for plan og miljø 2016 - 2019 - endring

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Elise Lauvrak erstattar Ingunn Lauvrak som fast medlem frå 1. juni.

Ny varaliste vert i prioritert rekkefylgje:

1. Karl Rune Hansen

2. Tine Kile
3. Peter Gruszewski

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Elise Lauvrak erstattar Ingunn Lauvrak som fast medlem frå 1. juni.

Ny varaliste vert i prioritert rekkefølge:

1. Karl Rune Hansen
2. Tine Kile
3. Peter Gruszewski

PS 48/16 Val av lagrettsmedlemer og meddomarar til Agder lagmannsrett 2017 - 2020

Innstilling frå rådmannen:

Utval av lagrettsmedlemer og meddomarar for Agder lagmannsrett frå Fyresdal kommune er:

Elin Skålid	Thorstein Wøllestad
-------------	---------------------

Handsaming i Valnemnda - 11.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Valnemnda - 11.05.2016

Utval av lagrettsmedlemer og meddomarar for Agder lagmannsrett frå Fyresdal kommune er:

Elin Skålid	Thorstein Wøllestad
-------------	---------------------

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i valnemnda.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Utval av lagrettsmedlemer og meddomarar for Agder lagmannsrett frå Fyresdal kommune er:

Elin Skålid	Thorstein Wøllestad
-------------	---------------------

PS 49/16 Val av meddomarar til Vest-Telemark tingrett 2017 - 2020

Innstilling frå rådmannen:

Utval av meddomarar til Vest-Telemark tingrett 2017 – 2020 frå Fyresdal kommune:

Jørund Valebjørg	Svånaug Dyrland Valseth
Stein Helge Lassemo	Ingunn Lauvrak
Olav Åge Dale	Åsne Teksle

Arne Dag Lassemo	Elise Lauvrak
------------------	---------------

Handsaming i Valnemnda - 11.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Valnemnda - 11.05.2016

Utval av meddomarar til Vest-Telemark tingrett 2017 – 2020 frå Fyresdal kommune:

Jørund Valebjørg	Svånaug Dyrland Valseth
Stein Helge Lassemo	Ingunn Lauvrak
Olav Åge Dale	Åsne Teksle
Arne Dag Lassemo	

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

I samsvar med vedtaket i valnemnda med tillegg av Elise Lauvrak.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Utval av meddomarar til Vest-Telemark tingrett 2017 – 2020 frå Fyresdal kommune:

Jørund Valebjørg	Svånaug Dyrland Valseth
Stein Helge Lassemo	Ingunn Lauvrak
Olav Åge Dale	Åsne Teksle
Arne Dag Lassemo	Elise Lauvrak

PS 50/16 Val av jordskiftemeddomarar 2017 - 2020

Innstilling frå rådmannen:

Olav Torgeir Metveit	Anne Berit Libjå
Aslak Momrak-Haugan	Angela M. Gjersund
Halvor Skjulestad	Inga L. Grythe
Helge Kiland	Sissel B. H. Husstøyl
Egil Libjå	Guro Libjå
Aslak Snarteland	Kristine Berthelsen

Handsaming i Valnemnda - 11.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Valnemnda - 11.05.2016

Olav Torgeir Metveit	Anne Berit Libjå
Aslak Momrak-Haugan	Angela M. Gjersund
Halvor Skjulestad	Inga L. Grythe
Helge Kiland	Sissel B. H. Husstøyl

Egil Libjå	Guro Libjå
Aslak Snarteland	Kristine Berthelsen

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

I samsvar med vedtaket i valnemnda men fylgjande endring:

Olav Åge Dale går inn i staden for Aslak Momrak-Haugan og Øyvind Kile går inn i staden for Helge Kiland.

10 røyster for framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Jordskiftemeddomarar 2017 - 2020

Olav Torgeir Metveit	Anne Berit Libjå
Olav Åge Dale	Angela M. Gjersund
Halvor Skjulestad	Inga L. Grythe
Øyvind Kile	Sissel B. H. Husstøyl
Egil Libjå	Guro Libjå
Aslak Snarteland	Kristine Berthelsen

PS 51/16 Val av skjønnsmedlemer 2017 - 2020

Innstilling frå rådmannen:

Framlegg frå Fyresdal kommune til skjønnsmedlemer for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020:

Åse Breiland
Aslak Snarteland
Henning Festervoll
Kjell Sverre Thoresen

Handsaming i Valnemnda - 11.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Valnemnda - 11.05.2016

Framlegg frå Fyresdal kommune til skjønnsmedlemer for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020:

Åse Breiland
Aslak Snarteland
Henning Festervoll
Kjell Sverre Thoresen

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i valnemnda.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Framlegg frå Fyresdal kommune til skjønnsmedlemer for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020:

Åse Breiland
Aslak Snarteland
Henning Festervoll
Kjell Sverre Thoresen

PS 52/16 Val av forliksrådsmedlemer 2017 - 2020

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal forliksråd blir for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020 slik:

Medlemer	Varamedlemer
<i>Ole Anders Roer, leiar</i>	<i>Kari Hildur Lie</i>
<i>Jørund Lauvdal</i>	<i>Olav Torgeir Metveit</i>
<i>Martha S. Momrak</i>	<i>Ruth Krossli</i>

Handsaming i Valnemnda - 11.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Valnemnda - 11.05.2016

Fyresdal forliksråd blir for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020 slik:

Medlemer	Varamedlemer
<i>Ole Anders Roer, leiar</i>	<i>Kari Hildur Lie</i>
<i>Jørund Lauvdal</i>	<i>Olav Torgeir Metveit</i>
<i>Martha S. Momrak</i>	

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med vedtaket i valnemnda med tillegg av Ruth Krossli som 3. vara.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Fyresdal forliksråd blir for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020 slik:

Medlemer	Varamedlemer
<i>Ole Anders Roer, leiar</i>	<i>Kari Hildur Lie</i>
<i>Jørund Lauvdal</i>	<i>Olav Torgeir Metveit</i>
<i>Martha S. Momrak</i>	<i>Ruth Krossli</i>

PS 53/16 Tariffrevisjonen per 1.5.2016 - Uravstemning

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune stemmer ja i uravstemminga – Tariffrevisjonen per. 1.5.2016 Forslag til ny Hovedtariffavttale.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Fyresdal kommune stemmer ja i uravstemminga – Tariffrevisjonen per. 1.5.2016 Forslag til ny Hovedtariffavttale.

PS 54/16 Stortingsmelding 25: "Kraft til endring. Energipolitikken mot 2030"

Innstilling frå rådmannen:

Det vert vist til Meld. St. 25 (2015–2016) til Stortinget: «Kraft til endring. Energipolitikken mot 2030» med framlegg om å oppnemne ei ekspertgruppe som skal gje tilrådingar til omlegging av ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter for vasskraft.

Stortinget må avgrense mandatet til denne ekspertgruppa til å forenkle og modernisere enkelte bestemmelsar.

Mandatet må ikkje opne for å fjerne eller svekke ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Det vert vist til Meld. St. 25 (2015–2016) til Stortinget: «Kraft til endring. Energipolitikken mot 2030» med framlegg om å oppnemne ei ekspertgruppe som skal gje tilrådingar til omlegging av ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter for vasskraft.

Stortinget må avgrense mandatet til denne ekspertgruppa til å forenkle og modernisere enkelte bestemmelsar.

Mandatet må ikkje opne for å fjerne eller svekke ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter.

PS 55/16 Uttale frå kontrollutvalet - tilbakemelding om arbeidet i etterkant av varslings sak - arbeidsmiljø

Uttale frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek saka til vitande og ber om kopi av tilbakemeldinga til Arbeidstilsynet.

Det bør vere Kommunestyret/Formannskapet som skal melde tilbake til arbeidstilsynet i saka. Fyresdal kommune må arkivere alle innkomne brev, og saker som kjem opp i Kommunestyret skal ha egne saksnummer.

Kontrollutvalet meiner at utviklingssamtalar skal gjennomførast regelmessig og minst årlig. Kontrollutvalet reknar med at utviklingssamtaler mellom rådmann og formannskapet blir gjennomført før sumaren 2016.

Kommunestyret/formannskapet bør ha fokus på sitt arbeidsgivaransvar.

Fyresdal kommune må fortsette å jobbe med implementering av HMS systemet.

Handsaming i Kommunestyret - 26.05.2016

Rådmannen reiste spørsmål om det var ynskje at han forlot møte men eit samla kommunestyret ynskje ikkje det.

Framlegg frå Tone I. Veum:

Kommunestyret tek uttala frå kontrollutvalet, 12.05.2016, til vitande.

Kommunestyret merkar seg både rådmannens orientering til kontrollutvalet, og rapport rundt oppsummering av prosessen etter varslingsak frå 2014 frå Bedriftshelsetenesta SAMT.

Kommunestyret har full tillit til dei tiltaka rådmannen har iverksett i etterkant av varslinga. Formannskapet skal leggje til rette for årlege utviklingssamtaler med rådmannen, den fyrste før sumarferien 2016. Det må framleis være fokus på implementering av HMS-systemet i kommunen, og at PPR er førande i varslingsaker.

Uttale frå rådmannen, rapport frå SAMT og kommunestyret vedtak i saka vert oversendt Arbeidstilsynet.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Tone I. Veum.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016

Kommunestyret tek uttala frå kontrollutvalet, 12.05.2016, til vitande.

Kommunestyret merkar seg både rådmannens orientering til kontrollutvalet, og rapport rundt oppsummering av prosessen etter varslingsak frå 2014 frå Bedriftshelsetenesta SAMT.

Kommunestyret har full tillit til dei tiltaka rådmannen har iverksett i etterkant av varslinga. Formannskapet skal leggje til rette for årlege utviklingssamtaler med rådmannen, den fyrste før sumarferien 2016. Det må framleis være fokus på implementering av HMS-systemet i kommunen, og at PPR er førande i varslingsaker.

Uttale frå rådmannen, rapport frå SAMT og kommunestyret vedtak i saka vert oversendt Arbeidstilsynet.